

## **Forslag til høyrings svar: Høring av forslag til endringer i helsepersonelloven § 29 c – enklere tilgang til helseopplysningar for kvalitetssikring av helsehjelp og egen læring**

Fylkeseldrerådet i Hordaland handsama høyringsnotatet i møte 5. september 2019, sak PS XX/2019.

Departementet ber i notatet særleg om høyringsinstansane sitt syn på følgjande:

1. «Om det er behov for flere krav til dokumentasjon knyttet til tilgjengeliggjering av opplysningar etter helsepersonellovens § 29 c, enn det som følger av øvrig lovverk» (s. 3 og 7 i notatet)
- 1b «Departementet ber herunder om høyringsinstansenes syn på om det bør lovfestes i bestemmelsen at det skal fremgå av journalen at annet helsepersonell er gitt helseopplysningar.» (s. 7)

### **Personvernet og loggføring**

Fylkeseldrerådet i Hordaland er spesielt opptatt av at personvernet til pasientane blir tatt godt vare på, og at dette ikkje blir svekka i det nye forslaget til ordlyd for § 2c i helsepersonellova.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner difor at det må gå fram av pasienten sin journal at anna helsepersonell er gitt helseopplysningar om pasienten.

I forslaget til ny § 2 c er det ikkje stilt krav om at det skal gå fram av pasienten sin journal kven som har lese i journalen og/eller kven opplysningar har blitt gjort tilgjengelege for, og kva for opplysningar som har blitt gjort tilgjengelege. Noverande § 2 c har slikt krav.

Fylkeseldrerådet i Hordaland meiner at noverande formulering i § 2 c om dokumentasjon må bli ført vidare i ny § 2 c. Det er viktig at pasienten kan lesa i eigen journal kven som har hatt tilgang. Det er ikkje tilfredsstillande at loggføring skjer i eit meir sentralt register, slik departementet legg opp til. (s. 7 øvste hovudavsnitt). For pasienten vil ein slik generell oversiktslogg gjera det meir komplisert å følgje med.

### **Informasjon til pasienten: Samtykke**

Fylkeseldrerådet meiner vidare at informasjonsplikta overfor pasienten ikkje er tydeleg nok i forslaget til ordlyd for ny § 2c. Det er føreslått denne ordlyden: «Med mindre pasienten motsetter seg det, kan taushetsbelagte opplysningar gjerest tilgjengelege...» Her burde det, etter fylkeseldrerådet sitt syn, vere formulert krav til informasjon overfor pasienten om kva formålet er med slik tilgang for tidlegare behandlarar, og kva slik utviding av tilgang til journalen kan medføra med omsyn til personvernet. Det er spesielt viktig at pasienten blir gjort kjent med at ho kan motsetja seg at helsepersonell i ettertid kan få tilgang til journalen.

### **Føremålet med endringsforslaget til § 2 c.**

Fylkeseldrerådet i Hordaland har forståing for at helsepersonell ønskjer ei mindre arbeidskrevjande prosedyre for å få tilgang til journalopplysningar for eiga læring eller for kvalitetssikring av behandling. Rådet er difor ikkje i mot at det vert enklare å få relevante opplysningar. Forenklingane må likevel ikkje føra til at det blir *pasienten* som får det meir komplisert enn før med omsyn til å kunna følgja med på kven som les pasientjournalen. Forslaget om å sløyfa loggføring i sjølve pasientjournalen, og heller leggja informasjonen til ein meir sentralisert logg, vil ha slike følgjer.

Hordaland fylkeseldreråd

Gunda Falao Sparre  
leiar